

Kommunalpolitikk treng ikkje vera eit langt gjesp.

les Helen Frøyseth på kommentarpllass s.2

NR 3 • 2010 • ÅRGANG 9 • POST@LNK.NO • WWW.LNK.NO

Gratis kurs

LNK vurderer no å tilby gratis språkkurs til medlemskommunane.

S. 5

Menyval på nynorsk

Erlend Bakke ynskjer at også menyval på statlege nettsider blir å finne på nynorsk.

S. 6

Ikkje modne nok

Fersk kartlegging viser at tre av fire meiner 16-åringar ikkje er modne nok til å røyste ved val.

S. 11

Industriarven



– Odda har gitt mykje til litteraturen, seier forfattar Marit Eikemo. No vil ho gi noko attende.

• Sjå s. 12 - 13

Motmakt



Kommunalminister Liv Signe Navarsete (Sp) har reist landet rundt for å diskutere makt og motmakt. Det har skapt debatt.

• Sjå s. 8 - 10



Kultur i sparetider


Kulturgründer Svein Arild Vatsø (biletet) meiner kulturnæringane kan gi auka vekst i Bremanger. – Her må me sjølve skape det som skal skje, og i kjølvatnet av Terra-saka er det ekstra viktig at me får til positive kulturarangement, meiner han. Terra-skandalen har

også ført til at kystkommunen Bremanger i åra framover må spare meir enn dei er vande med. Ordførar Kåre Olav Svarstad (Ap) er likevel oppteken av å halde ved lag eit godt tenestenivå.

• Side 18 - 20

Me søker grafisk medarbeidar

Sjå full utlysingstekst på www.norsk-plan.no



Norsk Plan - kommunikasjonsbedrifta i Ryfylke

np@norsk-plan.no, 52 79 04 84

Norsk Plan kan:

- nettsider
- aviser og magasin
- pressearbeid
- grafisk profil
- logo
- annonser
- brosjyrar
- reklamemateriell



LEIAR

Makt og motmakt

Kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete (Sp) har brukt våren til å reise rundt for å snakke om maktkonsentrasjon og motmakt. Då møteserien kom til operabygget i Bjørniva, fatta til og med rikspresso interesse for saka, og då var det gjort. Debatten segla opp som ein Oslo-mot-resten-debatt, og Navarsete fekk erkjenne at det ligg mykje kjensler i eit ordskifte om makt.

Men kva handlar eigentleg dette om? Kommentator og skribent Audhild Gregoriusdotter Røtevatn seier til LNK-avisa at det handlar om demokrati. Og det har ho truleg rett i. Diskusjonen om kor makt bør ligge, og kor den ligg i dag, handlar nemleg om kven som blir høyr og sett i samfunnet vårt. Skal ein oppnå utvikling og mangfald i det demokratiske samfunnet, må ein også fordele makt. Ikkje berre til ulike grupper, men også geografisk. All makt kan ikkje ligge rundt Oslofjorden.

Det betyr at næringslivet, media og dei tunge samfunnsktorane ikkje alle kan ha adresse Oslo. Klarer me å skape ei maktfordeling innan dei viktigaste samfunnsområda, vil ein òg truleg få til ein større vekst i dei andre byregionane i landet. Og det treng me. Men det betyr at nokon må offre noko.

Flere i hovudstaden har tatt debatten som kritikk og meiner Navarsete er i mot Oslo. Det blir for enkelt. Me er tente med eit sentrar og ein sterk hovudstad, men det skal ikkje stå i motsetnad til det å ta i bruk heile landet. Truleg kan ein få til begge deler. Og truleg er det nett det Liv Signe Navarsete prøver på.

Så kan ein spørje seg om debatten kanskje burde ha blitt lagt opp på ein annan måte for å unngå at det vert ein debatt mellom Oslo og resten av landet. Kommunalministeren skal likevel ha ros for å setje sjøkjelset på utfordringa og for å våge å stille spørsmålet.

Kunsten å lytta til ungdomen



Helen Frøyseth
Prosjektmedarbeidare i Ung & engasjert Landslaget for lokalviser (LLA)

KRONIKK

Når statsminister Jens Stoltenberg held tale, får han ikkje lov til å bruka verken framdord eller forkortningar. Språket skal vera enkelt og lett tilgjengeleg. Alle skal skjøna kva Jens snakkar om.


Men når ein kommune som til dømes Tysnes skal informere på eigne nettsider om at arealdelen av kommuneplanen skal fornyst (eller rullerast som det heiter på politikarspråket), vert det gjort med følgjande innleiande ord:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 vedtok Tysnes formannskap i møte den 16. mars d.d. å starta opp arbeid med rulling av arealdelen i kommuneplanen, og å senda framlegg til planprogram på høyring og å leggja det ut til offentleg ettersyn.

Til slutt vert det ramsa opp kva tid dei ulike bygdemøtene skal haldast, men det står ingenting om at folk er velkomne til å koma med innspel og ynske på desse møta.

Forsyning av arealplanen i ein kommune handlar om framtid i den komande generasjonen. Kvar kan ein som i dag er 14 år i framtida byggja seg hus, kvar kan han eller ho byggja naust og få seg båtplass, og kvar kan dagens 14-åringar etablera nye arbeidsplassar? Dette er noko som dei unge utan tvil hadde hatt sterke meininger om, dersom dei berre hadde blitt spurde.

Det handlar om kommunikasjon. Det handlar om å snakka dei unge sitt språk. Det handlar om å nå ut til dei unge der dei er. På Tysnes kommune sine nettsider burde det stått: *Kvar vil du byggja deg bus og naust på Tysnes når du vert valesen? Kom til bygdemøtet og fortell oss dette. Vi spanderer pizza og brus.*



Illustrasjon: Leif Harald Forthun

Dersom kommunen hadde vore på Facebook, skulle det sjølv sagt stått det same der, men ei undersøking gjort av KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon) viser at berre 56 av 430 kommunar brukar Facebook for å koma i kontakt med innbyggjarane. Som Øyvind Solstad i NRKbeta sa under Mot til å meina-konferansen i Stavanger den 6. og 7. mai: «Det er på Facebook folk er, og visi politikarane ikkje vil vera der, veit eg ikkje kva dei vil driva politikk for». På same konferansen fortalte studenter og medlem i sentralstyret til Norsk Målingdom, Jostein Avdem Frelend om si undersøking av det politiske språket i kommunale sakspør. Konklusjonen var soleklar: språket er alt for vanskeleg, og kommunane bør koma seg på Facebook og tenkja meir som ei avis for å nå ut til ungdomen.

Det handlar om kommunikasjon. Det handlar om å snakka dei unge sitt språk.

Når kommunale papir er eit stammespråk for dei spesielt interesserte, er det lokalavisene sin jobb å formidla politikken på ein så enkel måte som mogleg.

Landslaget for lokalviser (LLA) er ein interesseorganisasjon for 110 lokalavisar. LLA sitt Ung & engasjert-arbeid har som mål å auka valdeltakinga og samfunnsengasjementet til ungdom mellom 15 og 25 år. Eit godt døme på lokalavisene sitt samfunnsengasjement til ungdom mellom 15 og 25 år. Eit godt døme på lokalavisene sitt samfunnsengasjement, er historien om avis OPP som skulle dekkja eit folkemøte om framtida til Oppdal. På møtet oppdagja journalisten at det ikkje hadde møtt fram ein einaste person under 40 år. Avisa oppsøkte då tre lokale skular for å høyre dei unge sine ynske og meininger om bygda si framtid. Overskrifta «Slik er de unges drømmemøte» over heile framsida dagen etter, kom med klar tale til politikarane: dei unge stemmene i lokalsamfunnet må bli høyrde. Dersom kommunen ikkje gjer jobben sin, vil lokalavisar gjera det.

Kommunalpolitikk treng ikkje vera eit langt gjesp. Lokalavisene kan som avisar OPP med enkle grep bidra til å gjera lokalpolitikken til gøy lesnad, både for ungdomen og pensjonisten. I Tysnes kommune er bygdemøta avslutta. Utan at ungdomen har blitt lytta til. Men det er framleis ikkje for sein. Hansken er kasta.

Gir råd om enkelt språk

– Statsråden vel sjølv målform. Det viktigaste språkrådet me kan gi, er å bidra til at bodskapen blir tydeleg, og at informasjonen blir presentert på ein lettfatteleg måte, seier statssekretær i Kulturdepartementet, Lubna Jaffery Fjell.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no



Godt språk: Statssekretær i Kulturdepartementet, Lubna Jaffery Fjell (t.v. Foto: Magnus Ridola), og statssekretær Lisbet Rugvedt (Foto: Bjørn Sigurdson, Scanpix) i Kunnskapsdepartementet er samde om at det viktigaste språkrådet dei kan gi Kulturministeren og Kunnskapsministeren, er å skrive eit enkelt og lett forståelig språk.



– Det overordna målet for denne politikken er å sikra det norske språket sin posisjon som eit fullverdig og samfunnsbundne språk i Noreg. Dette omfattar også arbeidet med å styrke det nynorske språket og den nynorske skriftkulturen, meiner ho.

GIR MINISTEREN RÅD

Statssekretær ved Statsministerens kontor, Mina Gerhardsen, meiner også den viktigaste språkjobben hennar er å hjelpe statsministeren til å bli tydeleg.

– Eg er oppteken av å bidra til at statsministeren snakkar på ein måte som får fram tankane og bodskapen hans på ein pedagogisk og tydeleg måte, seier ho.

Også ho konstaterer at rådgivarane er næra makt og kan påverke gjennom sakførebuingar, men at det er statsministeren som tek dei endelige beslutningane.

– Den viktigaste språksaka no er å vare på det norske språket slik at me kan

Reagerer på fritak

**Per Arne Michelsen
ved Høgskulen i Bergen reagerer på at Kunnskapsdepartementet no går inn for å gi studenter med dysleksi fritak for sidemålsundervisning på allmennlærarutdanninga.**

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Likestillingsombodet meiner dagens ordning er diskriminerande for studentar med dysleksi og la difor saka fram for Kunnskapsdepartementet. I eit svarbrev legg Kunnskapsdepartementet vekt på at ein no vil opne opp for fritak fra sidemålsundervisninga.

– Under behandlinga vår av saka vende vi oss til Kunnskapsdepartementet, som sa seg samd i synet vårt, og som no vil arbeida for å endra forskrifter, uttalte likestillings- og diskrimineringsombod Sunniva Ørstavik tildelegare i vår til NPK.

Han legg vekt på at ein i høgare utdanning ikkje bruker omgrepet sidemål, men derimot bokmål og nynorsk. Michelsen viser også til at det i forskrifta til rammeplan for grunnskuleopplæringa blir forventa at kandidaten meistrar norsk munneleg og skrifteleg i både bokmål og nynorsk, og at ein kan bruke språket på ein kvalifisert måte i profesjonssamanhang.

– Dette er ikkje urimelege krav. Likevel slår departementet med sjølvskjærer ignorante fast at det ikkje finst flagle grunnar for å nekte dyslektikarane fritak fra språkkrava. Til det kan ein svare: ein ferdigutdanna lærar må ha kvalifikasjoner som gjer at ho kan jobbe kor som helst i landet, i nynorskkommunar så vel som i bokmålkommunar, seier Michelsen.

– Dei språklege krava som vert stilte til lærarstudentane, skal mellom anna sørge for at elevar kan få opplæring på dei diskriminererte.

– Eg meiner Per Arne Michelsen har heilt rett i det han peikar på. Her er elevgruppene som må kome først, slår han fast.

UMOGLEG
Ørstavik understreka i intervjuet med NPK at ho visste om fleire som ikkje

kjem frå Lofoten og skriv sjølv nynorsk. Sjølv om heller ikkje han gir direkte språkråd til ministeren, har han ei mening om kva som er den viktigaste språksaka framover.

– Det er mange, men det aller viktigaste er å utvide bruken av nynorsk på nettet. Eg trur Wikipedia på nynorsk er eit sentralt verkemiddel. Eg trur også gode program for omsetjing mellom bokmål og nynorsk, engelsk og nynorsk er viktig. Den dagen Apertium og Google Oversetter fungerer godt, vil dette vere med på å breie ut bruken av nynorsk, seier han og viser til at det ofte er kva som er praktisk og enklast, som avgjer språkbruken i departementet.

Til liks med dei andre skildrar Anja Kristin Salte Hjelseth, politisk rådgjevar i Kommunal- og regionaldepartementet, at jobben hennar når det gjeld språk, i stor grad er å gi råd om korleis bodskapen bør presenterast og bli tydeleg og forståelig.

– I Kommunal- og regionaldepartementet har me ein statsråd som bruker nynorsk som hovudmål, og dermed blir det som ho er avsendar for, skrive på nynorsk. Men mange av dei tilsette er bokmålsbrukarar, og då skriv dei i hovudsak på bokmål. Eg må vedig at for meg som skriv bokmål og ikkje har hatt nynorsk sidan videregåande, er det ei utfordring å finne opp att nynorsk, men eg skal snart få eit heildagskurs, og eg har funne mange gode sider med øvingar på Språkrådet sine heimesider, fortel ho.

Også statssekretær Lisbet Rugvedt i Kunnskapsdepartementet og politisk rådgjevar i Olje- og energidepartementet, Ivar Vigdenes, meiner det viktigaste er å gi gode språkråd til ministeren slik at språket blir enkelt og lett forståelig.

– Departementet er oppatt av å følgje lova, uavhengig av kven som er her som politisk tilsette, men det er klart at slike ting som avisinnlegg, talar og så vidare blir prega av språket som blir brukt av oss, slår Rugvedt fast.

hadde fått vitnemål etter å ha fullført allmennlærarutdanninga, fordi dei ikkje greidde prøva i sidemål, og at ho difor ikke departementet fekk endringa på plass raskt.

Grunnen til at lærarstudentar med dysleksi vanskeleg kan få fritak frå kravet om å kunne meistre norsk skrifteleg godt, er at studentar med godkjent allmennlærarutdanning får kompetanse til å lære elevar frå og med første klasse å lese og skrive, både elevar som skal ha opplæring på bokmål, og elevar som skal ha opplæring på nynorsk. Det er umogleg å gå på akkord med desse kriteria uten at elevane sine grunnleggjande rettar til å få opplæring på eige språk blir sett i fare, skriv Per Arne Michelsen.

Streleiar i LNK, Jan Magne Dahle, seier seg samd med Michelsen og meiner eit fritak kan føre til at store elevgrupper blir diskriminerete.

– Eg meiner Per Arne Michelsen har heilt rett i det han peikar på. Her er elevgruppene som må kome først, slår han fast.

SITATET:

– Distrikts-Norge må vise fram kva ein er og har, ikkje kva ein manglar og korleis ein føler seg forbigått.

Skribent, forfattar og journalist Anne Viken i 17. mai - talen i Førde.

Språkkurs i kommunane – kven bør ta rekninga?



Vidar Høviskeland
Dagleg leiar i LNK

HØVISKE ORD

Stret i LNK arbeider i desse dagar med ei spesiell og prinsipielt viktig sak: Skal organisasjonen tilby alle medlemene gratis kurs i saksbehandling på nynorsk? Bakgrunnen for saka er at fleire og fleire medlemskommunar opnar for at medarbeidarar med svake nynorsk-kunnskapar får hove til å skriva bokmål i intern saksbehandling.

I sist utgåve av LNK-avisa kom det fram at Nord-Fron kommune alt har innført ei slik ordning, og dei siste vekene har også Hjelmeid kommune signalisert at dei kan sjå føre seg noko liknande. Her er det også store mørketal. I ei undersøking som LNK og Nynorsk kulturstasjon gjennomførte i 2006, kom det fram at svært mange kommunar har personar eller faggrupper (t.d. legar) som i praksis har fått fritak frå kommunen sin offisielle språkpolitikk – lenge. Det blir ofte vist til at dei personlege unnataka er gjort av di kandidatane rett og slett ikkje kan språk godt nok til å uttrykkja seg skriftleg, og for å få et betre rekrutteringspotensiale. Dette vert eit irritasjonsmoment for rådmenn og andre som sit med ansvar for kva kommunen sender frå seg, og som

LNK må sjølv sagt ha ei medviten haldning til utviklinga. Organisasjonen har i mange år hatt eit tilbod til medlemene om kjøp av nynorskcurset på saklista – som er spesielt lagt til rette for nynorskbrukande saksbehandlarar i kommunar og stat. LNK har gode kurshaldarar og får svært gode tilbakemeldingar på dei kursa som vert haldne. Men sjølv om kursa vert selde til kostpris, er det alt for få kommunar og fylkeskommunar som gjer seg nytte av dei. Dei er for dyre, er eit argument me moter. Ja, det er dyrt å halda kurs, men det er jammen dyrt å halda seg med dålege sakspapir og.

Ei meir offensiv line kan derfor vera å tilby medlemene våre gratis språkkurs. Litt avhengig av ambisjonsnivået styret vel å leggja seg på – og responsen fra medlemene –, vil dette verta ei dramatisk omlegging av arbeidsoppgåver og ressursbruk i LNK.



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)
•
PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo
•
www.lnk.no

ofta må bruka tid på å retta opp feila. Dette er ei utvikling som over tid kan truga heile ordninga med målvedtak i kommunane. Slike individuelle eller kollektive dispensasjonar er sjølv sagt minste motstanda veg for kommunane og såleis lett å gå inn for. I dei fleste kommunane som har særordningar, er dei oftast stilleståande aksepterte av rådmannen; berre sjeldan vert slike saker drøfta politisk.

LNK har gode kurshaldarar og får svært gode tilbakemeldingar på dei kursa som vert haldne.

Det skal nok meir til enn eit todagars kurs i nynorsk saksbehandling for å kompensera ein lang skulegang med utilfredsstillende nynorskopplaring. Men det skal kanskje ikkje meir til for å gjera kandidatane til meir medvitne og motiverde språkbrukarar. For to år sidan kom språkmeldinga Mål og meinings, der det for første gong vart lagt opp til ein heilekspleg norsk språkpolitikk. Kanskje denne saka kan vera med på å visa oss korleis dei godeorda kan gjera om til handling?

Satsar på forsking

212,4 millionar kroner er no fordele til regionale forskingsfond over heile landet.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Landet har blitt delt inn i 7 fondsregionar som kvar for seg har fått ansvaret for å fordele løyingane sine til forskings- og utviklingsprosjekt som er starta av offentlege og private verksamheter og forskingsmiljø.

Midla er fordelte slik at Region Nord-Noreg får 30,9 millionar, Midt-Noreg får 24,1 millionar, Innlandet får 14,9 millionar, Oslo og Akershus får 27,3 millionar, Oslofjorden 32,7 millionar, Agder får 13,2 millionar og Vestlandet får 29,7 millionar kroner. Forsknings- og høgare utdanningsminister Tora Aasland reknar med at dei første utlysingane kjem før sommaren.

– Dei regionale fonda skal supplere dei nasjonale Fol-verkemidla og styrke samspelet mellom næringsliv, høgskular, universitet og regionane, seier statsråd Aasland i ei pressemelding.

– Målet mitt er større variasjon i forskinga, seier forskningsministeren.

Forskningsfonda er ei ny satsing i regi av Kunnskapsdepartementet og har som føremål å styrke forsking for regional innovasjon og utvikling og drive langsiktig kompetansebygging innafor forskingsmiljøa.

ABC Startsida®
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett
www.startsida.no

post@lnk.no

Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland

Styret:
Jan Magnar Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestlediar

Sofrid Borge
Laura Selvteit
Rune Øygard

Varamedlemer:
Nils R. Sandal
Velauq Veum
Bjørn Fredrik Nome

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmaktene tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerøy for medlemene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

ABC Startsida®
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start på internett

www.startsida.no

LNK vurderer no å tilby gratis språkkurs til alle sine medlemmer.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Me har gjennom lang tid sett at det har bygd seg opp mykje frustrasjon rundt omkring i kommunane. Fleire medlemmar har signalisert at dei faktisk vurderer obligatoriske språkkurs for nytelsette, seier dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland.

I går hadde Strandbuen ei sak der rådmann Øygard i Hjelmeid kommune kom med eit språkleg hjartesukk. Han meiner nynorsk er for vanskeleg for mange av dei tilsette i administrasjonen, og er villig til å lempa på nynorskkravet. Dette er i fylle Høviskeland ein kjent situasjon.



(Illustrasjonsfoto fra Gaustatoppen: Judith Sørhus Littlehamar)

– Det er mange nynorskbrukande reisemålsorganisasjonar på Vestlandet som no blir tvungne til å bruke bokmål og nynorsk like, slik at til domes eit sok på "Prekestolen" ikkje vil få treff i artiklar med "Prekestolen".

Informasjonssjef Bjørn Tore Lysnes i Fjord Norge lover no endringar og seier dei reknar med å kunne tilby sine brukarar eit betre tilbod til sommaren.

– Av reini praktiske grunner er vi i dag ikkje i stand til å ha system med full språkversjon for både nynorsk og bokmål, men det vi kan gjøre, er å lage tilpassingar som gjer at slutbrukaren likevel opplever at nettsida gjennomgående er på nynorsk, så sant alt innhaldet er produsert på nynorsk, seier Bjørn Tore Lysnes. Han minner om at dagens portal er i det som kallaast ein betaversjon, altså ein versjon som er under utvikling.

LOVAR ENDRING

– Viss nokon ønskjer å få databasen omsett til nynorsk, så er det sjølvagt teknisk mulig. Men då må nokon ta initiativet og sjølve ta kostnaden med det, seier Ranset. TellUs meiner dei har dekkja behovet i den norske marknaden med det tilbodet dei har i dag, og har ingen planar om å ta initiativ til ein database på nynorsk.

Ranset avisar at dei oppmodar nynorskbrukarane om å gå vekk frå nynorsk.

Vurderer gratis kurs

LNK vurderer no å tilby gratis språkkurs til alle sine medlemmer.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

– Kommunane tilset personar som er uteksaminerte frå universitet og høgskular med topp kompetanse innanfor eigne fagfelt, men som av og til skriv så vanskeleg og så krunglete at teksten vert ulæseleg for folk. Dette er eit problem som me må ta på alvor. Det er faktisk slik at därleg språk kan verte eit demokratisk problem, der nokre grupper blir stengde ute frå velferdssamfunnet, slår Høviskeland fast.

Høviskeland meiner dette handlar om den generelle språkkjensla, og trur kommunane bør satse på språkleg opplæring blant dei tilsette.

I nokre av medlemskommunane våre vert det snakka om at dette handlar om nynorsk og bokmål. Av og til gjer det nok det, det er ei kjend sak at nynorskbrukarar er langt betre i sidemålet sitt enn det bokmålsbrukarar er. Men eg har eit inntrykk av at dette handlar meir om språkkjensle generelt.

– Vi har ei lang liste over saker vi ønskjer å forbetre og vidareutvikle, og betre nynorsktilbod er ei av dei, seier han.

VIL HA RÅD

Lysnes seier han forstår frustrasjonen til Reisemål Ryfylke, men dei er ikkje samde i at valet av databasesystemet frå TellUs diskriminerer nynorskbrukarane.

Fjord Norge meiner dei har valt ei dynamisk løsing som kan tilpassast deiira behov. Det stemmer at ein del ord ikkje kan veljast på nynorsk i dag, men dei er ikkje utelukkande bestemt av databasesystemet.

– Problematikken knytt til bruk av nynorskord i Google er ei anna side av saka som dei også vil ta opp. Det faktum at søkjemotorar favoriserer majoriteten sitt språk, er ei utfordring organisasjonen kjenner til og er oppteken av. Dei ser gjerne at språkmiljøa tar tak i problemet med søkjemotoroptimalisering. Sjølvje stiller dei seg opne for råd om korleis ein skal sikre brukarane ei god nynorsk leseoppleving utan at nettstaden tar kikk i Google.

BAKGRUNN

Fjord Norge AS er eit reisemålselskap for dei fire vestlandsfylka Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Fjord Norge tilbyr sine medlemer nettsider under ein felles portal. Nettsidene kan ha brødettekst på nynorsk, medan statisk informasjon berre er på bokmål.

– LNK har jo utvikla kursopplegget På saklista, som handlar om nynorskopplæring for saksbehandlarar i det offentlege. Eg trur ikkje at eit slikt kurs alleine kan gjøre folk til perfekte nynorskbrukarar, men kura fører til at folk blir meir opptekne av språk. Kommunane bør satse på opplæring.

– Kva trur du er grunnen til at mange tilsette vegrar seg mot å skrive nynorsk?

– Det kjem seg nok av at nynorskopplæringa i skulen har vore særsmangfull dei siste tiåra, ikkje minst for dei som skulle ha lært nynorsk som sidemål.

Dersom styret i LNK går inn for dette, vil LNK frå hausten av tilby gratis språkkurs til alle sine medlemmer.

Nye takter for skuleeigarane

Kommunane som skuleeigarar har vunne fridom, men òg fått att i form av strengare krav til statleg rapportering.

TOINI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Dette kjem fram i ein rapport som er utarbeidd av Direktoratet for forvalting og IKT, Difi. Bakgrunnen for rapporten er eit ønskje om å sjå korleis bruk av juridiske verkemiddel frå statleg side har auka eller minka dei siste ti åra.

Undersøkinga er gjort på områda grunnskule, helse/omsorg og miljø. Trenden er at kommunane opplever eit auka krav til rapportering og handsaming som pressar småkommunar på kompetanse og ressursar dei ikkje har nok av. Kommunane har til dømes fått krav om å ha eit system for kvalitetssvurdering av grunnskulen der det kvart år skal utarbeida ein rapport som skal diskutera i kommunestyret. Vidare har det i løpet av dei siste ti åra blitt innført 14 nye plikter som kommunane som skuleeigarar står ansvarlege for, eller krav som den einskilde brukar har rett på. Dette er til dømes krav om skulefritidsordning, rett til grunnskoleopplæring for vaksne eller rett til språkopplæring for språklege minoritetar.

KREV MYKJE

Rådmann Tone Tveito Eidnes i Ullensvang kommune seier ho kjenner seg att i



FRIDOM: Skuleeigarane kan i større grad bestemme innbaldet i undervisninga (Foto: Toini Tobekk)

skildringa av auka krav til rapportering, noko som kan ha ein rimeleg kvelande verknad på initiativrikdomen.

– Vi blir leie av detaljrapportering oppover i systemet. For å få fatti til midlar til einskildprosjekt er det til dømes så omfattande söking og rapportering at vinninga går opp i spinninga, og vi let det heller vere.

Rapporteringa til kommunestyret ser ho derimot positivt på, då det gir

kommunestyret som skuleeigarar ein sjans til å engasjere seg direkte. Sjølv om det er ressurskrevende arbeid, får kommunen det til, og det gir gevinst.

MÅNGE ENDRINGER

Samstundes er det sett ut i livet ein større skulereför, og talet på rettleiarar og planar har auka monaleg dette tiaret. Opplæringslova, som er den einaste lova som direkte styrer

grunnskulen, har gjennomgått 17 større og mindre endringar i den same perioden. – Vi er glade for at sentrale styresmakter set skulen på dagsordenen, seier rådmann Tveito Eidnes.

– Men reformer som kjem og går stadig vekk, er ei utfordring. Det kjennest som

den eine reforma nesten ikkje får sett seg før neste kjem.

– Kva trur du blir den største utfordringa for kommunen som skuleeigar i den nære framtid?

– Utfordringa vår no er å handtere kravet til god fagleg kompetanse i småskulen. I utgangspunktet er det positivt med statlege foringar som legg stor vekt på den faglege kompetansen.

For kommunar som har små skuleeininger utan breie lærarstabar, blir dette vanskeleg, trur rådmannen. På sikt vil kravet til fagkompetanse forsterke kravet om å slå saman skular til større eininger. I hennar eigen kommune, Ullensvang, er ein no netti i gong med å diskutere samanslåing og centralisering av dei små skulanane, og rådmannen ser at mange opplever dette som svært negativt.

– Eg kan sjå at større skuleeininger kan vere bra fordi det vil gi både lærarar og barn eit større miljø, seier ho. Samstundes som ho forstår at det er ønskjeleg å oppretthalde grøndeskulane i bygdene.

Men kommunen er enno svært tildeg i prosessen, og utfallet av saka er på ingen måte gitt, understrekar ho.

MEINER DET MÅ BLI MEIR, OG SOMME GIER NOKO MED DET.

STATLEGE NETTSIDER HAR FOR LITE NY-NORSK PÅ NETTSIDENE SINE. MANGE MEINER DET MÅ BLI MEIR, OG SOMME GIER NOKO MED DET.

TOINI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Rett før jul i 2009 la Språkrådet fram tala over målbruken i statsforvaltninga. Tala var like klare i fjor som mange år før: det er langt att for statlege nettstader oppfyller krava om minst 25 prosent tekststilfang i ei målførm, og som vanleg er det nynorsk det er minst av.

ALT PÅ NYNORSK

Erlend Bakke frå Kjerrgarden i hordalandskommunen Askøy sende like godt ein brev til Kulturdepartementet og spurde om det ikkje burde vere meir: Til dømes meiner Bakke det burde vere muleg å ha det som kallast språkversjonering. Det vil seie at menyar og statisk informasjon også er på nynorsk, ikkje berre nyhendesaker og tekstar som blir produsert fortolpende.

– Når ein opnar ein offentleg nettstad, burde det vere eit forstevål: Vil du ha nettstaden på nynorsk eller bokmål?, seier Bakke.

BERRE NYNORSK PÅ TOPP

Dette vil ifølgje Bakke vere med og gjere nettlivet meir brukarvenleg for nynorskbrukarar, samstundes som det



TILSYN:
Fagkoordinator
Sigrid Tvitekkja hjå
Språkrådet sier at
Språkrådet årlig
fører tilsyn på bruken
av nynorsk på nett.
(Foto: Språkrådet)

synleggjer nynorsken i langt større grad enn i dag. Viss ein i dag går inn på dømes www.regjeringa.no, vil ein komme til ein nettstad som tilsynelatande er nynorsk, men som ved nære etsyrar har somme menyar på bokmål, og ein vil fort hamne i bokmålstekstar og i bokmålsversjonen av nettstaden når ein byrjar å klikke seg innover. Andre offentlege nettstader har ikkje nynorsk som språkval i det heile tatt. På www.mattilsynet.no finst ei rekje tekstar på nynorsk, men alle menyar og all grafikk er på bokmål.

SAMDE

Erlend Bakke opplever at Kulturdepartementet har tatt saka på alvor og langt på veg er samd med han. I eit brev sendt frå Kulturdepartementet til Språkrådet i april i år går det fram at departementet ser sakkala språkversjonering på førstesida, og menypunkta skal veksle mellom målfør-

meiner vidare at mållova sin paragraf 8 dekkjer dette, og at det såleis ikkje er nødvendig med eit eige pålegg om språkversjonering. Samstundes bed dei Språkrådet å følgje opp dette ved å innarbeide krav om språkversjonering i tilsynsarbeidet sitt. Dei seier også at Språkrådet må syte for at dette er i orden på www.sprakrad.no.

MÅ IKKJE BLI MINDRE

Erlend Bakke er litt fornøgd, men òg litt skeptisk. Først og fremst er han redd for at språkversjoneringa, altså menyar og liknande på nynorsk, skal telje med i dei 25 prosentane som nettstaden er pålagde å ha. Det kan i verste fall føre til at det blir mindre nynorsk i dei redaksjonelle tekstane, og det ønskjer han ikkje.

Men alt i alt opplever han å ha blitt teken på alvor, og no ventar han berre på at Språkrådet skal svare departementet.

KLAR OVER ELENDET

– Vi kjenner godt til saka, ja. Vi har kontakt med departementet i saka, men vi har ikkje svara enno, seier fagkoordinator Sigrid Tvitekkja hjå Språkrådet til LNK-avisen.

At tilstanden for nynorsken er dårleg på offentlege nettstader, er Språkrådet smerteleg klar over. Dei fører òg tilsyn og veit at statlege nettsider inneheld berre ti prosent tekst på nynorsk. Å male språket på menyar og grafikk gjer dei per i dag ikkje.

– I dag er det slik at nynorsk skal vere synleg i innhaldet på førstesida, og menypunkta skal veksle mellom målfør-

Dekkjer underskot

Stord kommune fekk 100 000 kroner som Årets nynorskommune i 2009. No er mesteparten av pengane forsvunne i kommunalt underskot.

TOINI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Av dei 100 000 kronene kommunen fekk av Kommunal- og regionaldepartementet, har 10 000 kroner gått til barnelitteraturfestivalen Falturiltu og 10 000 til Stord Målag, slik politikarane bestemte. Dei resterande 80 000 vart sett på bok medan komiteen for næring, miljø og kultur fann eit eigna prosjekt som ville komme folk flest til glede, melder Haugesunds avis. Både språkkurs og den kulturelle skuleseksjonen var aktuelle saker, fortalde ordførar Liv Kari Eskeland (H) til LNK i fjor.

Men Stord kommune gjekk med underskot i 2009. Dermed forsvann dei 80 000 til dekkning av underskot, noko som først kom for ein dag då Stord målag nyleg byrja å etterlyse aktivitet knytt til prisengane i lokalavisa.

– Dette kan skje med alle midlar som kjem under kategorien frie inntekter i ein rekneskap, rekneskapsreglane styrer dette, seier han og legg til at dette nok ikkje var ein utgang på sak administrasjonen og politikarane såg for seg når den politiske komiteen i si tid utsette saka.

– Det er sjølv sagt ein trist lagnad for prisen om det endar slik. Dersom ein likevel skulle ønskja å nyttja summen til gode nynorskforemål, lyt det gjerast ei ny løying, noko me så langt ikkje har diskutert.

Prisen Årets nynorskommune vart delt ut første gang i fjor etter initiativ frå Kommunal- og regiondepartementet. Det blir ny pris i år, men kva tid den blir delt ut, er enno ikkje fastsett.



RYDDAR OPP:
Ordførar Liv Kari Eskeland er innstilt på å ordne opp, slik at prisengane igjen blir tilgjengelege for nynorsktiltak i kommunen. (Foto: Stord kommune)

underskot ved årsslutt. Men no er Heskeland innstilt på å hente midlane inn att, til dømes i revisjonsdelt budsjett.

– Eg er veldig innstilt på å finne nye midlar og bruke dei slik dei var tenkt, seier ho.

EIN TRIST LAGNAD

Rådmann Magnus Mjør seier dei 80 000 kronene ikkje var øyremerkete, og at slike midlar automatisk blir trekt inn når kommunen er i ein situasjon der underskot skal dekkast inn.

– Dette kan skje med alle midlar som kjem under kategorien frie inntekter i ein rekneskap, rekneskapsreglane styrer dette, seier han og legg til at dette nok ikkje var ein utgang på sak administrasjonen og politikarane såg for seg når den politiske komiteen i si tid utsette saka.

– Det er sjølv sagt ein trist lagnad for prisen om det endar slik. Dersom ein likevel skulle ønskja å nyttja summen til gode nynorskforemål, lyt det gjerast ei ny løying, noko me så langt ikkje har diskutert.

Prisen Årets nynorskommune vart delt ut første gang i fjor etter initiativ frå Kommunal- og regiondepartementet. Det blir ny pris i år, men kva tid den blir delt ut, er enno ikkje fastsett.



Jan Olav Tryggestad
Ass.direktør i KLP Kommunekredit

PÅ KOMMUNEVIS

Er vi ved eit vendepunkt?

Vi er i disse dagar inne i lønnsforhandlingar for mange store grupper i privat og offentleg sektor. Felles for alle er at mange meiner at dei får for lite av den verdiskapinga som skjer i landet. Gjennom media er det òg skapt eit inntrykk av at verdas rikaste land har råd til det meste. Store grupper som gjer ein utrolig flott innsats på alle nivå, meiner likevel at innsatsen dei gjør, ikkje blir verdsett nok. Det er stor kontrast mellom dei gode tenestetilboda som blir ytt, og dei auka krav og forventningar som kjem frå mange brukargrupper.

Nasjonalt har vi i dag eit svært godt ugangspunkt gjennom den gode økonomien vår. Dette står i sterkt kontrast til den situasjonen mange av våre naboar og handelspartnerar er i. Til tross for at EU-landa har forplikta seg gjennom Maastrichtaftalen til å ikkje ha større budsjettunderskot enn 3 % og ei maksimal gjeld på 60 % av brutto nasjonalprodukt, har mange land meir enn 10 % underskot på budsjettet og meir enn dobbelt så høg gjeld som avtalta. Når situasjonen i desse landa er slik at ein i tillegg allereie har høg arbeidsløyse og må redusere aktivitet og kostnader, skjørar ein at det vil bli svært krevjande og vanskeleg. Dette vil også råke oss.

I dei fleste europeiske land er situasjonen den at det blir stadig fleire eldre, og dei eldre lever lengre. Når samtidig fødselstala er låge, blir det stadig færre yrkesaktive til å ta seg av tenestetilboda og skape dei verdiane som gjer at vi kan halde ved lag at dei velferdstilboda vi har i dag. For mange vil det vere slik at tilboden må reduserast, og at ein i større grad må betale for tenestene sjølvt gjennom høgare skattar eller eigendeler. Dette vil også bli situasjonen i Norge. For Kommune-Norge vil dette bety pris på halde ved lag det noverande tenestetilbodet. Då folketrygda vart innført i 1967, var det 4 yrkesaktive bokar pensionist. I 2007 var talet 2,6, og prognosene for 2050 er 1,8 yrkesaktive bokar pensionist. Dette vil bli svært krevjande når stadig nye krav til tenester kjem.

Finansnæringa er i dag i ein svært alvorleg situasjon. For to år sidan stoppa all finansiering mellom bankane opp, og mange gjekk konkurs. Det måtte ein stor redningsaksjon til for å halde bankvesenet i gang. Alle europeiske land, med unntak av Norge og Serbia, stilte garantiar for bankane sine innlån. Dette betyr at om bankane skulle få nye problem, vil dette kunne få direkte konsekvensar for mange land. Med redusert aktivitet, høgre arbeidsløyse og store banktap vil dette kunne bli svært krevjande for mange. Det er ingen grunn til å bagatellisere eller bortforklare desse problema. Nye problem for finansnæringa vil kunne bety høgere renter og auka kostnadar for både privat og offentleg sektor.

Det norske kostnadsnivået er høgt og mykje høgre enn det som mange av våre naboar og konkurrentar har. Sjølv om vi har god økonomi, vil vi merke at aktivitetene går ned, og at kostnadane må reduseras. For å halde ved lag konkurranseskifta må vi tenke mytt og kreativt i både offentleg og privat sektor. 50 % av dei verdiane vi skaper, sel vi til utlandet, og dei gjer grunnlaget for den velstanden vi har. Privat og offentleg sektor må gå kritisisk inn i budsjettene sine og sjå korleis ein kan auke inntekter og redusere kostnader. Dette blir krevjande.

Det blir ofte frå ulike hald uttalt sterkt kritikk mot Staten (les: Finansdepartementet) av di ein får for lite pengar til ulike formål. Eg har stor respekt for det arbeidet som vert gjort for å halde orden i bokføringa. Vi må likevel heilt klart gjøre eit stort løft for å finansiere etterslep og manglende investeringar i infrastruktur. Investeringsbehovet i infrastruktur og vedlikehald av offentlege bygg utgjer truleg ufattelige 2000 mrd. norske kroner (meir enn to statsbudsjett). Dette vil kreve nye måtar å finansiere slike investeringar på.

Trass i all svartmalming av situasjonen må vi ikke gløyme at vi er utrolig privilegerte som lever i eit så godt samfunn som det norske. Dei siste åra har dei fleste hushold hatt betydeleg auke i nettoinntekten. Om vi skulle kome i ein situasjon der denne utviklinga skulle stoppe opp, er vi uansett privilegerte. Vi har også hatt høge inntekter og høge inntektsfordeler. Og vi må hugse: Det er fleire Folk enn vårt Folk – Ivar Åsen

Etterlyser meir nynorsk på skjerm

men. Statsorgana følger ikkje dette opp. Vi er ikkje nögde med målbruken slik han er no, seier Tvitekkja.

Ho seier Språkrådet ser føremoner med språkversjoneringa slik Erlend Bakke og Kulturdepartementet skisserer. Nynorsk vil bli meir systematisk synleg i skjermmiljøet og brukaren kan gjøre eit bevisst språkval. Berre det at nynorsk er synleg som språkval, er i prinsippet viktig. Men sakar er meir komplisert enn som så, seier Tvitekkja.

Vil fordele makta

– Me må våge å snakke om makt og motmakt utan å hamne i skyttargravene, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete (Sp).

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

